




**Balestrand kommune**

**Rådmannen**



Kunnskapsdepartementet  
postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh. / Telefon	Dykkar ref.	Dato
07/1378	A21	Vidar Roseth 57651206	200705160-/MLA	24.12.2007

### **ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - HØYRINGSUTTALE**

Vi viser til Kunnskapsdepartementet sitt høyringsbrev av 31.10.07 i høve til endringar i barnehage-lova.

Balestrand kommune ved utval for oppvekst og omsorg har vedteke slik uttale til saka:

Balestrand kommune tek framlegget til lovfesting av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år til orientering. Kommunen er innforstått med dei pliktane dette påfører kommunen. Men det er viktig å vere klar over at det vil vere umogeleg å fastsette nøyaktige prognosar for kor mange barnehageplassar som til ei kvar tid vil bli etterspurt. Difor må det leggjast til rette for at kommunane sin økonomi kan bere ei viss overdekning i tal plassar. Det må og vere eit regelverk som er fleksibelt nok til at kommunane på mellombels basis kan dispensere frå dei generelle krava til bygningar og personell.

Balestrand kommune ser positivt på at finansieringa av barnehagene vert lagt inn i rammetilskotet til kommunane frå og med 2010. Men det vert understreka at finansieringa må bygge på prinsippet om fullfinansiering av reformer. Det bør og vere eit system som er nøytralt i høve til kommunale og private barnehagar. Borge-utvalet sitt framlegg til kostnadsnøklar for barnehage i inntektssystemet tek ikkje omsyn til kostnadsulempar ved drift av små barnehagar i distrikta. Det må såleis gjerast eit nytt og grundigare arbeid med dette.

Balestrand kommune vil peike på at ettersom det er kommunen som har plikt til å stille barnehageplassar til rådvelde, må og overføringa av tilskot til private barnehagar skje via kommunen.

Med helsing

Vidar Roseth  
rådmann

Kopi: KS, postboks 1378 Vika, 0114 Oslo

Postadresse:  
Kong Beles veg 20  
69 12 05  
6899 BALESTRAND

Besøksadresse:  
Kong Beles veg 20  
BALESTRAND

Sentralbord: 57 65 12 00  
Telefaks: 57  
Bankgiro: 3805.07.00043  
Postgiro for skatt: 0827 5914186